


Kragebeinsbrot

Førekosten av kragebeinsbrot er aukande, og utgjer 5 - 10 % av alle brot. Det er oftast barn og unge som bryt kragebeinet, og det er vanlegare hos menn enn kvinner. I omlag 80 % av tilfella, skjer brotet i midtre tredjedel av beinet, mens brot i ytre og indre tredjedel er mindre vanlege. Hos barn er brotet av ein litt anna karakter, på grunn av meir fleksible knoklar, og det gror raskare saman. Dei fleste vaksne med kragebeinsbrot blir behandla konservativt, og for barn er konservativ behandling hovudregelen. Operasjon blir i hovudsak vurdert ved stor feilstilling, eller fare for skade på blodkar, lunge, og nervesenter som ligg rett under beinet. Operasjon kan også vurderast ved behandling av unge og aktive pasientar med behov for rask tilbakekomst til fysisk aktivitet. Det har i fleire land vore ein auke i tal pasientar, både unge og vaksne, som blir operativt behandla ved kragebeinsbrot. Dette trass i diskusjonen om nytten er større enn risikoen ved operativ behandling av kragebeinsbrot hos unge.


Bakgrunn

Kragebeinsbrot er definert ved hovud- eller bidiagnose S42.0 (ICD-10). Operativ behandling er definert ved diagnostisert skulderbrot og samtidig ein eller fleire av prosedyrekodane NBJ22, NBJ32, NBJ42, NBJ52, NBJ62, NBJ72, NBJ82, NBJ92 (NCSP). Konservativ behandling er definert ved diagnostisert skulderbrot og fråvere av prosedyrekodar. Pasientar i alle aldrar er inkludert.

Det skjer årleg i gjennomsnitt nær 5 000 kragebeinsbrot i Noreg, og 13 % av brota blir operert.



Tal operasjonar for kragebeinsbrot for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt på kjønn og i aldersgrupper.




Brotrate: Tal kragebeinsbrot per 100 000 innbyggjarar per år i perioden 2012-2016. Gjennomsnittsverdiar med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Mørkare blå søyle representerer opererte brot. Loddrett strek viser brotrate for landet. Ratane er justerte for kjønn og alder.

Resultat

Det er dobbelt så vanleg å bli operert for kragebeinsbrot i buområde Østfold som i buområde Fonna. Det blir utført få operasjonar per år, og små endringar i tal operasjonar kan påverke ratane.

Prosentdelen av pasientar med kragebeinsbrot (alle aldrar) som blir operert varierar frå 9 % i buområda OUS og Fonna, til 21 % i buområde Førde. Born under 10 år blir sjeldan opererte for kragebeinsbrot. I aldersgruppa 10 - 19 år blir 9 % av pasientane opererte, og dei fleste er 16 år og eldre.



Operasjonsrate: Tal opererte kragebeinsbrot per 100 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for kjønn og alder. Helgelandssykehuset: det er færre enn 40 unike personar som ligg til grunn for utrekningane, og raten er derfor usikker.

Kommentar

Variasjonen i behandling av kragebeinsbrot er moderat. Sjølv om det er dobbelt så mange som blir operert i buområde med høgast operasjonsrate, som i buområde med lågast rate, er tal operasjonar lite, og ein relativt stor del av den observerte variasjonen kan vere tilfeldig. Tal kragebeinsbrot varierer lite mellom buområda, og det kan ikkje utelukkast at variasjonen i operativ behandling av kragebeinsbrot til dels er uønska.